Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1.

Emnenr. 5

Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Nes

Emne: Vatsbering.

Bygdelag: Selandsgrenda

Oppskr. av: Hans Seland

Gard: Seland

(adresse): Flekkefjord

G.nr. 90 Br.nr. 12

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Alle laut bera vatn til fjós og kjøken til 1900–1915. Vanleg var fjøset bygd nær bekken. Me bar byttene i hendene. Av og til brûka me òg av den typer som det fyrst spørst om med ûthola opning for hals og akslen. Frå endane togband, helst med jarnkrokar

2 Ukjend her. På Stend landbruksskule brûka me i 1884–86 å bera heim mjølk frå bumarka i stong med krok på midten som 2 mann bar. Når me trødde samstundes på same fot (vinstre-høgre) skulpa det lite.

3. Gjeng ut. Eg har set det brûkt i Hardanger.

4. Det var jamt mannfolk som bar vatn, men kvinnfolk bar nok og, når det hövde. Me bar fullt eit stort kjer i fjóset, Floskjeret, så stod vatnet der og vermdest vel litt til kyrne fekk det.

5 No har dei aller fleste bøndene her rundt lagt inn springvatn i fjós og kjøkken. Men i harde vintrar som i år måtte me til med vatsbering på ny.

6 Vatskjøring har vore ukjend, men i vinter no sist var det sume som kjørde – på slede.

7 Sjå 5!